

Årsmelding for 2022

Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms,
frå 17. mars 2022 til 25. februar 2023.

ORGANISASJONEN

Årsmøtet 2022

vart halde på Bankhjørnet i Tromsø 17. mars. 14 medlemmer møtte.

Årsmøtet vedtok samråystes å endre namnet på lokallaget frå «Besteforeldrenes klimaaksjon Arktis, Tromsø og omegn», til «Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms».

Handlingsplanen for det kommande året vart diskutert. Det vart vedtatt at vi skal halde fram med dei tre fokusområda som blei vedtatt på førre årsmøtet: a) Olje- og gassutvinning i Barentshavet. b) Jernbanesaka c) Atomdrivne ubåtar i Tromsø. Flaum, havnivåstiging og arealforvalting, vil også vere aktuelle saker. Det vil også kunne bli andre aktuelle klimaspørsmål som medlemmene er opptatt av.

Valkomiteen bestod av Tove Indregard og John Gustavsen. For første gong vart det vald varamedlemmer. Desse vart vald til styret: Toril Jensen, Grete Mathiesen, Asbjørn Gimse, Asbjørg Fyhn, Synnøve des Bouvrie, Ingunn Elstad. Som varamedlemmer vart vald Henrik Madsen, Torstein Arntsen og Reidar Høifødt. Alle bur i Tromsø.

Årsmøtet 2023 er planlagt til 15. mars 2023.

Styret

Det nye styret konstituerte seg på første styremøte, med Ingunn som leiar, Toril som nestleiar, Synnøve som kasserar, Asbjørg som ansvarleg for kontakt med andre organisasjoner, og Grete som skrivar. Varamedlemmene Henrik og Torstein har møtt regelmessig på styremøta og deltatt i alt arbeidet til styret.

Også i 2022 har vi leigd Framtiden i våre hender sine lokal i 3.etasje Storgata 88 til styremøte, lager av utstyr og maling av parolar. Vi avtalar bruken av lokalet frå gong til gong.

Styret har hatt 12 møte mellom 17. mars 2022 og 15. mars 2023. Det siste møtet før jul vart kombinert med hyggeleg juleavslutning hos Grete.

Deltaking i BKA nasjonalt

Synnøve og Ingunn frå lokallaget deltok på Landsmøtet i Drammen 10.-11.sept. 2022. Lokallaget vårt la fram to resolusjonsforslag til landsmøtet: Mot Wisting-utbygginga (vedtatt samråystes), og mot elektrifisering av olje- og gassproduksjonen (vedtatt mot ei røyst). Vi hadde også eit resolusjonsforslag om Nord-Noregbanen og klimaet, som vart levert seint, og derfor ikkje vart behandla av landsmøtet.

Vi hadde også sendt eit innspel om medlemsdemokratiet til strategidiskusjonane, der vi vurderte informasjonsflyten til lokallaga som god, men etterlyste løysingar for at lokallaga i større grad kan delta og bidra i prinsippdiskusjonane. Vi føreslo at landsstyret kunne ha

faste kontaktpersonar som lokallaga kunne vende seg til ved behov. Innspelet vart ikkje diskutert på landsmøtet, men det nye landsstyret vedtok å forsterke kontakten med lokale lag og grupper. Vi er svært fornøgd med kontakten med landsstyret ved Linda Parr. Vi har tatt opp spørsmål, og fått gode og grundige svar med det same. Vi har også hatt nyttige samtalar med Wenche Cumming som var lokallagskontakt for Nord-Noreg. Vi har samarbeidd godt med Halfdan Wiik som redaktør for nettsida til BKA.

Toril og Grete deltok på landsstyret si digitale lokallagssamling 03.11.2022. Lokallaget fekk også innkalling til fysisk lokallagssamling i Oslo 04.02.2023, men måtte melde avbod fordi det ikkje passa for nokon i styret å reise. Det kan bli mykje med flyreise Tromsø-Oslo tur-retur for eit dagsmøte, iallfall dersom ein ikkje har andre ærend. Buss og tog tar halvtanna døgn ein veg.

Grete har vore på kurs i den nye digitale plattforma SmartOrg i februar 2023. Synnøve og Ingunn blir å delta på neste kurs 07.03. Vi har ein del problem med overgangen frå Styreweb til Smartorg, spesielt med medlemsregisteret, og har fått mykje hjelp frå sentralt.

Medlemmene

Medlemmer og støttemedlemmer i BKA i Troms registrert i Styreweb var 194 ved årsskiftet 2021-2022. Pr. 25.02.2023 har vi 235 medlemmer registrert i Smartorg, 51 av dei støttemedlemmer. Vi har særleg verva medlemmer når vi har hatt stand.

Frå årsmøtet mars 2022 til årsmøtet mars 2023 har Toril og Ingunn skrive og sendt ut ti medlemsbrev, med fortløpande informasjon om aktiviteten og planane.

I Tromsø har BKA-medlemmer og andre interesserte hatt uformelle kafétreff annankvar onsdag, med få unnatak. Oppmøtet har variert mellom fire og tolv. Som regel har ein av deltakarane førebudd samtale om eit tema. Det er sosialt og lærerikt, og klimakafeen er eit viktig idéforum i lokallaget.

Bortsett frå årsmøtet har vi i 2022 ikkje hatt medlemsmøte der vi kunne diskutere planar og arbeidet i lokallaget og fatte vedtak. Vi har hatt stor utoverretta aktivitet, og medlemsdemokratiet kom i andre rekke. Det bør vi rette opp i 2023.

Presentasjon av BKA

Vi har hatt stand med medlemsverving i Tromsø sentrum 25.06, 23.09., 26.11. 2022, og 04.02. 2023. I januar måtte vi avlyse stand pga. uver. Dei siste gongane har vi kombinert stand med «klimavandring» i Storgata med plakatvestar, som har skapt interesse. Vi hadde ei lita markering av Besteforeldreaksjonen då Tromsø internasjonale filmfestival opna 16.01.2022.



På initiativ frå Torstein Arntsen, vara til styret, hadde Besteforeldreaksjonen for første gong stand i Harstad under Bakgårdsfestivalen 20. august. Der var masse folk, vi fekk mykje positiv respons og fleire nye medlemmer, mellom anna på Borkenes. Det var et flott intervju med Torstein på nettsida til BKA.

Kontakt utanom Tromsø

Lokallaget har medlemmer og støttemedlemmer rundt om i fylket, men storparten av aktiviteten vår er framleis konsentrert til Tromsø. På Borkenes er Svein Robert Guttormsen aktivt BKA-medlem. BKA-medlemmer på Finnsnes hadde aksjon mot Wisting (sjå nedanfor). Vi har hatt planar om å besøke lokalgruppa i Besteforeldrenes klimaaksjon i Alta, men det er dessverre ikkje blitt noko av.

WISTING

BKA sitt lokallagsstyre inviterte Natur og Ungdom, Spire, Naturvernforbundet og Framtiden i våre hender i Troms til samarbeid mot ny olje- og gassutbygging i Barentshavet, særleg planane til Equinor for oljefeltet Wisting. For oss i Troms var det ei nærliggande sak; Wisting vart framstilt i riksmedia som ei gavepakke til Nord-Noreg. Før årsmøtet 2022 hadde vi stand to gongar med heimelaga løpesetlar om Wistingutbygginga. Natur og Ungdom, Spire, Unge Venstre og Sosialistisk Ungdom i Troms hadde også møte om Wisting, der Grete deltok frå Besteforeldrene. SU oppretta facebookgruppa Stopp Wisting.

Lokallaget arrangerte ope møte «Ny klimabombe i Arktis?» om Wisting-planane, med innleiing av Ingunn og diskusjon. Miljøorganisasjonane var spesielt invitert. Visekunstnaren Ragnar Olsen (medlem i Besteforeldrene) bidrog med musikalske innslag. Det var einigheit om å samarbeide for å prøve å stoppe utbygginga.

Første trekk var å skrive eit felles høyringssvar til Equinor si konsekvensutgreiing om utbygging av Wistingfeltet. Det vart skrive av Anne Nesbakken og John Arne Jørstad frå Naturvernforbunder, Kjersti Lien frå Framtiden i våre hender, og Asbjørg Fyhn og Ingunn Elstad frå Besteforeldreaksjonen. Andre miljøorganisasjonar og politiske ungdomsorganisasjonar i Troms vart oppfordra om å slutte seg til. I alt tolv organisasjonar slutta seg til høyringssvaret, som vart sendt til Olje-og energidepartementet, medlemmene i Energi- og miljøkomiteen på Stortinget, og stortingsrepresentantane for Nordland, Troms og Finnmark. Vi fekk hyggelege svar frå fleire av dei. Linda Parr i landsstyret sørga for å sende høyringssvaret til LO's sekretariat. Medlemmer frå BKA i Oslo demonstrerte mot Wisting ved opninga av LO-kongressen.

Equinor si konsekvensutgreiing vart møtt med mange grundige og kritiske høyringssvar, ikkje minst frå Miljødirektoratet. Høyringssvaret vårt la vekt på klimakonsekvensane av utbygginga, at utbygging av Wisting kravde elektrifisering av Equinor sitt anlegg på Melkøya med store konsekvensar for reindrift og natur, og påviste at utbygginga ville gi få eller ingen arbeidsplassar i regionen. Høyringssvaret ligg her:

<http://www.besteforeldreaksjonen.no/2022/05/sammen-mot-wisting/>

Grete og Ingunn skreiv i tillegg avisinnlegg i Nordnorsk debatt og i Klassekampen.

Den 24.- 30. oktober var det nasjonal aksjonsveke mot Wisting-utbygginga. Den 24. kom Equinor med ei tilleggsutgreiing, som heller ikkje tok opp klimakonsekvensane, noko Ingunn peika på i eit avisinnlegg.

I Troms var det tre aksjonar mot Wisting 29. oktober:

Harstad Natur og Ungdom arrangerte demonstrasjon og inviterte Besteforeldreaksjonen med. Svein Robert Guttormsen tok turen frå Borkenes og vart svært godt tatt imot av dei unge.

15–20 personar starta på torget i Harstad og marsjerte til Equinor sitt bygg – med rop om at «Framtidas arbeidsplass skapes ikke av olje og gass».



I Tromsø hadde Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms, Tromsø Natur og Ungdom, Framtiden i våre hender nord og Naturvernforbundet i Tromsø og omegn demonstrasjonstog i gågata under parolen «Stopp Wisting!». Alle politiske parti og ungdomsorganisasjonar var invitert. 120 gjekk i toget. Det var musikk med Karsten Ugelvik, sangkoret Nordafør og Gipsy Chicken, og appellar frå BKA, Natur og Ungdom, SV, AUF, Venstre, Grønn Ungdom og Naturvernforbundet. Fleire sa at samarbeidet må fortsette.



På Finnsnes hadde tre-fire besteforeldre markering mot Wisting trass i uveret. På biletet: Frid Sørensen.



10. november kom den uventa og gledelege meldinga: Equinor setter Wisting på vent!

NORD-NOREGBANEN

er den andre store saka dette året. BKA har arrangert to opne jernbanemøte i Sparebankens festsal i Tromsø. Synnøve des Bouvrie var primus motor i planlegginga og gjennomføringa av begge. Nord-Noreg har ikkje utsleppsfree kollektivtransport. Synnøve har engasjert seg sterkt for Nord-Noregbanen i ei årrekke, spesielt i eit klimapersepktiv. Ho samarbeider med det Ålesund-baserte firmaet Norsk Bane, som gjer utgreiningar og prosjekterer høghastigkeitstog som kan avløyse tungtransporten på vegane, og delar av flytrafikken. Synnøve har formidla kontakt mellom Norsk Bane og det nyopprettet Arktisk Jernbaneforum under fylkesrådet.

Tittelen på møtet 25. april 2022 var «Hva ønsker vi oss av Nord-Norgebanen, og hva skal til for å realisere dette?» Det var 40 frammøtte. Fylkesråd for samferdsel i Troms og Finnmark fylke, Agnetha Masternes Hansen, hadde innleiing der ho argumenterte for utbygging av Nord-Noregbanen. I hovudføredraget gjekk Jörg Westerman frå Norsk Bane AS grundig gjennom mulege løysingar ved høghastigheits-jernbane frå Narvik til Troms.

Nord-Noregbanen vart vedtatt av Stortinget for 100 år sidan, og fleire organisasjonar har lenge engasjert seg i saka. Jernbanedirektoratet arbeider med ei konsekvensutgreiing av Nord-Noregbanen. Synnøve deltok (som observatør) på dialogmøte med Jernbanedirektoratet 22. september, der fleire organisasjonar var invitert. Ho skreiv deretter eit innspel til direktoratet, trykt i forkorta form i Nordnorsk debatt 14.10. 2022, om Nord-Noregbanen og klimaet:

<https://www.nordnorskdebatt.no/konseptvalgutredning-for-nord-norgebanen-uten-konseptvalg/o/5-124-203085>

Hilde Sagland i Tromskomiteen for jernbane, også BKA-medlem, har arrangert vardebrenning for Nord-Noregbanen kvar veke i 11 år! Den 1. oktober arrangerte Tromskomiteen ei rituell «huvebrenning» ved Varden i Målselv, under mottoet «Vi skal ikkje lenger stå med lua i handa».

BKA arrangerte nytt jernbanemøte i Tromsø 13.02.2023. Thor Bjørlo frå Norsk Bane AS hadde innleiing. Eit mål med møtet var å samle organisasjonane til diskusjon. Vi inviterte Aksjonsgruppa for Nord-Norgebanen, Jernbane Nord AS, For Jernbane, Tromskomiteen for jernbane, Arktisk jernbaneforum ved Troms og Finnmark fylkeskommune og Samferdselsgruppa i Besteforeldrenes klimaaksjon. Gunnar Kajander frå Samferdselsgruppa og For jernbane er også medlem i BKA i Troms, og tok turen frå Boden for å delta på møtet. Vi hadde annonsar i Tromsø-avisene, Synnøve vart intervjuet i lokalradioen, og «Nordlys» hadde reportasje.

Thor Bjørlo sitt føredrag la vekt på at elektrisk jernbane, og særleg høghastigheitsbane, vil redusere klimaskadeleg transport. Høghastigkeit vil redusere frakttidene og -kostnadene for gods dramatisk, og ein stor del av persontrafikken kan flytte frå fly til bane. Ut frå erfaringane med norske jernbanestrekningar vil langdistansebane kunne gå med overskott.



Bjørg Strand leia debatten, der det var mange viktige innspel. Fleire meinte at det no måtte bli gjennombrott for Nord-Noregbanen. Synnøve følger opp både overfor Jernbanedirektoratet og samarbeidet med organisasjonane.

Synnøve des Bouvrie og Thor Bjørlo i Sparebankens festsal.

AKSJONAR, ARRANGEMENT OG SAMARBEID: Klimastreikar i Tromsø:

Framtiden i våre hender og Besteforeldreaksjonen samarbeidde om markering av dei globale klimastreikane våren 2022. Den 25. mars deltok mange ungdomsskoleelevar og elevar frå vidaregåande, vel 50 personar i alt. Det var bilet og intervju i avis. Den 22. april var det færre unge, men Grete i BKA-styret heldt ein sterk og fin appell. Den 25. mai vart ein liten nedtur. Elevråd var kontakta og plakatar hengt opp i byen, men berre 12 møtte opp. Den 23. september arrangerte engasjerte studentar ved universitetet klimastreik med 55 deltagarar. Framtiden i våre hender, Spire og Besteforeldreaksjonen var med. Vi tok med plakatar om Wistingfellet og løpesedler om Wisting. Markeringa vart avrunda med marsj gjennom Storgata, med slagord for klimaet og naturen.



1.mai 2022

1.mai gjekk fleire BKA-medlemmer i LO sitt tog i Tromsø, med klimaparolar mot oljeleiting i Barentshavet og utbygging av Wistingfeltet. Hilde Sagland var på besøk frå Målselv og delte ut sjølvlagda grønne plakatar for Nord-Norgebanen.

Miljøhelg på Gåsvær 27.-28. august

Nokre frå BKA deltok på den tradisjonsrike miljøhelga på øya Gåsvær utenfor Kvaløya, arrangert av Studentpresttenesta ved Universitetet, Framtiden i våre hender, Natur og Ungdom og Besteforeldrenes klimaaksjon. Det var 36 deltakarar frå mange land. Temaet var "Rikdom og fossilt avtrykk - oljerikdommens konsekvenser for miljø og mennesker". Therese Hugstmyr Woie frå Naturvernforbundet og Ingunn frå BKA innleia til diskusjon. Det var strandrydding, messe, allsang og grilling i fjæra.

Equinor i Argentina og i Arktis

Den 29.09. arrangerte Internasjonalt seminar i Tromsø eit ope møte «Olje i Argentina og Arktis – en trussel mot klima og urfolk?» i samarbeid med Latinamerikagruppene i Norge og Besteforeldrenes Klimaaksjon. Den argentinske miljøaktivisten Hernan Scandizzo, frå organisasjonen Observatorio Petrolero Sur, var i Tromsø, og innleia saman med Vidar Andersen, nestleiar av Norske Samers Riksforbund. Øyvind Ravna, professor i rettsvitenskap ved Uit, deltok også, og Ingunn Elstad frå BKA. Vi fekk høyre om Equinors oljeutvinning i Argentina med fracking og boring på store havdjup, om konsekvensane for natur og helse, og den sterke motstanden mot Equinor i Sør-Amerika. Det vart også ein lærerik diskusjon om urfolksrettar overfor internasjonale selskap.

Borkenes i Kvæfjord

Gjøreredet på Borkenes er eit treffpunkt for kreativitet og skaparglede, og for BKA og miljøengasjement. 1. oktober var det open kafé, der gardbrukarane og BKA-medlemmene Katrine Søyland Guttormsen og Svein Robert Guttormsen laga potet- og purresuppe av «ukurante» poteter som ikkje kan seljast. Slik delte dei innsikt i matsvinn, og kva vi som forbrukarar etterspør. Samtidig var det orientering om Besteforeldreaksjonen!



Kvinnedagen 8. mars 2023

Toril har deltatt for BKA i planleggingsarbeidet av Kvinnedagen også i 2023. Klimaparolen vår «Klimakrisa raserer livsgrunnlaget – klimakamp nå!» er godkjent som hovudparole.

Atomvåpen og atomdrivne ubåtar

BKA har eit vedtatt samarbeid med Tromsø-organisasjonen Nei til atomdrevne militærfartøyer (NAM). Det har vore lite utoverretta aktivitet i ubåtsaka i 2022, men medlemmer i BKA har deltatt på lesesirkel i NAM. Fleire deltok også i Internasjonal kvinnelig for fred og frihet og Nei til Atomvåpen sine arrangement i Tromsø 22.-25.september, i høve FN's dag mot atomvåpen. BKA er partner i den internasjonale kampanjen for avskaffing av atomvåpen, ICAN.

Bærekraftsenter i Tromsø

Remiks miljøpark og Framtiden i våre hender har planar for eit stort bærekraftsenter for gjenbruk i Tromsø. Asbjørg har vore BKA sin representant. Planane har dessverre trekt ut i tid.

Avisinnlegg

Avisinnlegg har vore ei viktig arbeidsform også i 2022. Ein del av dei ligg på lokallagssida til besteforeldreaksjonen [Troms BKA | besteforeldre for en ansvarlig klimapolitikk \(besteforeldreaksjonen.no\)](https://besteforeldre.no/troms-bka-besteforeldre-for-en-ansvarlig-klimapolitikk)

Med helsing

Ingunn Elstad,

styreleiar i Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms.